



Desse musikantane er viktige i den gode aktiviteten i skulemusikken.

Uskedal skulemusikk hadde årsmøte tirsdag kveld, og både årsmelding og rekneskap fortel om eit godt år. Korpset hadde ved slutten av året 13 aktive, flinke musikantar. Tor Skeie Olsen er framleis dirigent, og styret har også siste året gjort ein svært viktig og god jobb.

Årsmeldinga fortel om seminar i Kinsarvik saman med skulekorpsa i Rosendal og på Husnes der Husnes hadde hovudansvaret. Dette vil verta følgt opp med nytt fellesseminar der Uskedalen skal ha hovudansvaret. Til dette har dei allereie fått 65.000 kr i støtte frå Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad. Skulekorpset var sentrale i 17.maifeiringa i bygda med speling både i folketoget og under hovudprogrammet. Elles har dei opptredd både under julekonserten i kyrkja og på andre konsertar.

Desse er med i korpset ved slutten av året: Amalie Hovden Rød, Camilla Ripel, Hanna Tvilde, Ida Marie Eidsvik, Thea Soltveit Taranger, Nils Rainer Strüter Vågen, Emma Ripel, Helene Myklebust, Celine Musland, Sigri Lekva Myklebust, Anja Måkestad Smith, Linnea Enes, Linnea Ripel og Torger Johan Koløy. I tillegg er det dette året 6 ivrige aspirantar i kulturskulen. Dert er Katrine Øvstebø, Anna Simone Lægland Enes og Malena Myhre Olsen på althorn, og Ebba Hermann Fossli og Signe Karine Koløy på kornett, og Nelly Borgen Hermansen på baryton.

Under hovudprogrammet 17. mai vart Nils Rainer og Celine tildelt medalje for henholdsvis 5 og 3 års aktivitet i korpset. Ordførar Peder Sjo slettebø stod for overrekkinga. I 2018 vil 8 musikantar få tildelt medalje. 5 av dei vil få medaljen for å ha spela i korpset i 7 år. Det er flott, og veldig viktig for korpset. Nils Rainer Vågen deltok på NMF sitt sommarkurs, og desse kursa er kjende for å skora på topp både når det gjeld sosial og musikalsk kvalitet.

Basaren vart i år flytta frå november til våren 2018. Likevel viser rekneskapet eit fint overskot. Største inntektkjeldene kjem frå adventskalendarsal der Hege Lekva har gjort ein kjempejobb, frå grasrotandelen og frå Sparebankstiftinga. Dei har også fått 5000,-kr frå Nabofond IKEA og dei har motteke vaksenopplæringsmidlar sidan dei har så mange medlemmer over 14 år.

I samband med gravferda til Bjørg Hauge fekk dei ei gåve på 11.595, og i samband med tidlegare dirigent Bård Ljosnes sin bortgang fekk korpset ei gåve på 5000,-kroner.

Ved valet gjekk Åse Myklebust og Bente Hovden ut av styret. Dei vart erstatta av Haldis Åkra og Monica Herrmann. Gina Berge-Soldal gjekk av som kasserar og den jobben tar no Knut Johannes Ripel over. Hege

Lekva styrer med basar og adventskalendarar og Randi Nybakk fører rekneskapet. Dei gjer alle ein framifrå jobb for Uskedal skulemusikk.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland